

Fleire kommunar har gjort vedtak på at ein ikkje ønsker å vera inkludert i dei mest egna områda for vindkraftindustri, dette gjeld mellom anna Kvinnherad. Kriterium for å tillata vindkraftutbygging må inkludera aksept frå kommunar som er berørt som dei mest egna områda for vindkraft.

Eit samla kommunestyre i Kvinnherad har samrøystes sagt NEI til vindkraftutbygging i kommunen vår.

I Kvinnherad kommune er det fleire vasskraftverk som kan oppgraderast.

Reiseliv og turisme, basert på natur og kulturopplevingar, blir ei stadig viktigare næring i Kvinnherad. Moglege vindkraftområde er peika ut nær inn til Folgefonna nasjonalpark, Baroniet og Hardangerfjorden det vil vera svært uheldig for turisme knytt opp mot bruk av natur ressursane våre. Som landets største hjortakommune er det også mykje organisert hjortejakt her.

Dette er særskilte viktige aktivitetar og næringar som er med å auka aktiviteten i vår langstrakte kommune, det er viktig at natur og kulturlandskap er ivareteke.

Eg vil og nemna at bygda Uskedalen er i ferd med å utvikla seg til ein internasjonal klatredestinasjon der mykje ungdom er aktive.

I eit folkehelseperspektiv er tilgang til natur og friluftsliv særskilt viktig.

I Kvinnherad er Husnesfjella viktige, Blådalen og Fjellhaugen skisenter er viktige utfartsområde for Sunnhordland.

Utnytting av natur, landskap og kultur til rekreasjon og friluftsliv sommar som vinter vil bli øydelagt dersom det blir vindkraftutbygging. Dette vil og verka negativt i høve tilflytting og rekruttering til lokalt arbeidsliv, trivsel, folkehelse og livskvalitet generelt, den store folkeaksjonen Nei til vindkraft viser engasjement i saka.

Ein har andre alternative energikjelder, som solenergi, jordvarme, bioenergi og på sikt bølgekraft og havstraum for å nemna noko.

Vindmølleprosjekt til havs må og ta omsyn til miljø- og fiskeriinteresser. Kommunane sine synspunkt må ivaretakast også her.

Konklusjon:

Med denne uttalen bed undertegna at Kvinnherad kommune (nr.1224) blir teke ut av Nasjonal Ramme for Vindkraftutbygging.

Valen 01.10.2019

Synnøve Solbakken
Sendt fra min iPad